



Årsmelding 2009

Årsmøtet 2008 valde fylgjande styremedlemer for 2009:

Resy Aak Thoresen (Ny)	2 år
Arve Opsanger (Attv.)	1 år
Per Henrik Opdal (Attv.)	2 år
Geir Jacobsen (Ny)	2 år

Varamedlemer for 1 år:

Tove Ertsland

Styremedlemer som ikkje var på val:

Anna Prestnes

Are Blokhus

Revisorar

Even Teigen

Einar Herskedal

Valnemnd

Otto Blokhus - leiar

Marianne Lund Anderssen

Knut Digranes

Konstituering av styret

Styret fekk i oppdrag av årsmøtet å konstituera seg sjølv og å velja leiar.

Resultatet av konstitueringa:

Arve Opsanger	leiar
Anna Prestnes	økonomiansvarleg
Geir Jacobsen	
Resy Aak Thoresen	
Per Henrik Opdal	
Are Blokhus	
Varamedl:	
Tove Ertsland	



Medlemskontingent

Kontingenten har vore dei same sidan 2007 og oppfordring om innbetaling har vore sendt til medlemene etter underståande satsar:

Private	kr 210	pr år
Private+ (inkl. ektefelle / sambuar)	kr 300	pr år
Lag og organisasjonar	kr 500	pr år
Bedrifter -fast ledd	kr 1500	pr år
-variabelt ledd	kr 70/ årsverk	pr år

Styret vil ikkje føreslå endring av kontingentsatsane.

Styret sitt arbeid

Styret hadde første møte 28. januar og har hatt 6 styremøte i meldingsåret.

Leiaren har og vore leiar i Kvinnherad kommune si takstnemnd for eigedomsskatt, på grunn av mangel på ledig tid har det ikkje vore styremøte mellom 16. september 2009 og 09. mars 2010.

Borvika

Arbeidet med oppgradering av Borvika har og dette året teke mykje tid. Styret har vedteke å redusera omfanget av oppgraderinga og arbeidet vart slutført før sommaren.

Med redusert omfang var grunnlaget for spelemidlar borte. Kostnadane vart difor dekkja av Husnes Vekst.

Borvika har fått ei betydeleg ansiktsløfting etter arbeidet.

Arbeidet som er utført:

- Gangveg frå tilkomstveg til toalettbygg
- Oppgrusing av siste del av tilkomstveg
- Oppgradering av grasbakken
- Oppretting av stein-buffer mellom strand og grasbakke
- Rullestol-ramper på begge sider av toalettbygget
- Maling av toalettbygg
- Reperasjon av tak på toalettbygg
- Drenering og omlegging av overvatn
- Beplantning ved toalettbygget (gåve frå HMR)

Styret er kontakta av grunneigarar som meiner at arbeidet som HV har fått utført kan føra til redusert nytte og verdi av deler av eigedomen deira. Dette handlar om deler av tilkomstveg og gangveg. Dialog mellom grunneigarane, Kvinnherad kommune og Husnes Vekst må avklara om HV skal retta opp noko av arbeidet som er gjort.



Husnes Vekst har som tidlegare vore ein av sponsorane til Kvinnherad kulturfestival og løyvd kr 10 000 i støtte. Festivalen har etablert seg som ein solid manifestasjon av lokal kultur i Kvinnherad.

Kantklypping mellom rundkjøringane har mestedelen av sommaren vore utført i regi av HV, etter initiativ frå Ordføraren overtok Statens vegvesen ansvaret. Området har likevel ikkje vorte stelt slik vi ynskjer og HV vil fylgja saka vidare.

Husnes Vekst har hatt ansvar for juletrelys i Parken i ni år. Arbeidet med dette blir kvart år utført av elektrolinja ved KVV på ein flott måte. Arbeidet blir honorert med kr 5 000 som skal brukast til velferdstiltak for elevane på linja. HV dekkar kostnadane med fornying av materiell etter behov.

Kvinnherad kommunestyre har vedteke å starta arbeidet med bygging av Kulturskulesenter på Husnes i 2010. Husnes Vekst har aktivt støtta dette tiltaket som vil bli eit viktig bidrag til kulturlivet i kommunen og til utvikling av Husnes.

Gang- og sykkelveg frå Pollen til Slettestølen har vore ei viktig sak for Husnesområde, dette er eit viktig trafiksikringstiltak for området. Prosjektet er ikkje fullfinansiert av kommunen, men eldsjeler i området har engasjert seg for å rydda traseen og skaffa pengar til lys. Styret i HV vil føreslå for årsmøtet å dekkja kostnadane til to lysmaster med kr 24 000. Vi vil og oppmoda næringslivet og privatpersonar om å støtta dette flotte initiativet.

Husnes Vekst har og engasjert seg for å få etablert kombinert park og parkeringsområde ved kyrkja. Arbeidet er godt i gong og vil framstå som eit fint supplement til kyrkja og kyrkjegarden. Sikre parkeringsforhold ved kyrkja har vore eit ynskje lenge.

Debatt om skulestrukturen i Kvinnherad har vore ei omstridt sak i mange år. Styret i HV har i uttale peika på at kvaliteten i skulen er viktigare enn talet på skular. Styret har støtta forslaget om å samla grunnskulen i området. Det endelege utfallet av saka er framleis uviss, men kommunestyret har vedteke opprustning av Undarheim skule, noko vi ser fram til.

Husnes Vekst har delteke på samling saman med kommunestyre, ungdommens kommunestyre, kommuneleiing, næringsliv, lag og organisasjonar på oppstartskonferanse for "Kvinnherad 2022 – visjon og scenario".



Vi gler oss over at dyktige utbyggjarar framleis held oppe byggjeaktivitet i Husnes sentrum og støttar planane om påbygging eller nye bygg som er under planlegging. Det er viktig at for Husnes at utbyggjarane får godkjent tiltak i samsvar med "Stadanalyse for Husnes sentrum" som kommunestyret har godkjent. Husnes Vekst har delteke på møte med kommunen og utbyggjarar om oppdatering av reguleringsplanar for Husnes sentrum.

Samling av fleire servicefirma i dei tidlegare lokala til Husnes Røyr er og ein positiv tilvekst til Husnesområde. Etablering av dette "servicesenteret" vil vera nyttig for både kundar og bedrifter.

SØRAL er den viktigaste bedrifta i kommunen, 2009 har vore ei stor utfordring for både bedrifta, dei tilsette og underleverandørar. Vi håpar at arbeidet som leiing, fagforeiningar og lokale politikarar gjer vil føra til betring av rammevilkåra slik at det så snart som mogeleg blir full aktivitet igjen. Vekst og utvikling av Kvinnherad og Husnes er avhengig av at dette arbeidet lukkast.

Husnes, 16. mars 2010

Arve Opsanger *sign.*
styreleiar

Anna Prestnes *sign.*
økonomiansvarleg

Per Henrik Opdal *sign.*
styremedlem

Resy Aak Toresen *sign.*
styremedlem

Geir Jacobsen *sign.*
styremedlem

Are Blokhus *sign.*
styremedlem